

Kulturdepartementet
Boks 8030 Dep
0030 OSLO

Dykkar referanse: 2010/05024 ME/ME3 HHO:elt
Vår referanse: 040-412 OG

Hovdebygda, 25. mars 2011

HØYRINGSFRÅSEGN NOU 2010:14 – UTGREIING FRÅ MEDIESTØTTEUTVALET

Nynorsk kultursentrum er ikkje formell høyringsinstans for utgreiinga frå mediestøtteutvalet. Styret i Nynorsk kultursentrum har likevel drøfta saka, som er kulturpolitisk svært viktig. Vi ønskjer å leggje fram ein del analysar og synspunkt, særleg om språkpolitiske perspektiv som vi meiner følgjer av mandatet, men som utvalet har sett bort frå.

To overordna språkpolitiske strategiar

Like sidan 1885 har offisiell norsk politikk vore språkleg jamstelling mellom bokmål og nynorsk. Det viktigaste staten har gjort, er å etablere formelle rammevilkår i form av lover og ein eigen språkpraksis som legitimerte ein nynorsk skriftkultur. Den som vil forklare tilstanden for nynorsk skriftkultur i Noreg, kan ikkje oversjå staten. I dagens statlege kulturpolitikk gjer to overordna strategiar seg gjeldande som direkte påverkar rammevilkåra for nynorsk også i media. Den eine strategien er prinsippet nynorsk, den andre er positiv favorisering av nynorsk.

Vi deler ønsket frå regjeringa Stoltenberg om å føre ein heilskapleg språkpolitikk. Ein slik politikk føreset at mediepolitikken tek opp i seg overordna språkpolitiske prinsipp. Eit breitt fleirtal i Stortinget har slutta seg til det regjeringa i språkmeldinga kalla prinsippet nynorsk. Dette inneber at nynorsk alltid skal reknast med der språk blir tematisert. Utgreiinga frå mediestøtteutvalet viser at her trengst det eit viktig tillegg: *eller der språk burde ha vore tematisert.*

Likeins har eit breitt stortingsfleirtal ved fleire høve, til dømes i 2004 og i 2009, slått fast at det trengst ei systematisk styrking av nynorsk skriftkultur, og at dette krev ei positiv favorisering av nynorsktiltak.

Utvalet har tolka mandatet for snevert

Mandatet føreset ”en helhetlig vurdering av bruk av tilskuddsordningar og andre økonomiske virkemidler på medieområdet”. Hovudmålet for desse økonomiske verkemidla blir i mandatet presisert til å ”opprettholde et medie- og kultur mangfold som kan sikre befolkningen bred tilgang til nyheter og samfunnsdebatt av høy kvalitet og redaksjonell standard”. Dette kultur mangfaldet kan ikkje drøftast meningsfylt utan at språkperspektivet er med.

Å lausrive media, ytringsfridom og demokrati frå det språket som trengst for å ytre seg, er å fjerne nokre av dei viktigaste argumenta som gjeld for mediepolitikken. Når utvalet konstruerer ei røynd der språk og media ikkje har noko med kvarandre å gjere, kan ikkje utvalet få tak i den rolla ein skriftkultur har i demokratiet, og det grev grunnen under ideen om ein heilskapleg språkpolitikk. Utgreiinga frå mediestøtteutvalet er dermed ikkje på høgd med det som i 2009 blei gjeldande norsk språk- og kulturpolitikk.

Her skriv diverre utvalet seg inn i ein tradisjon. Over tid har styresmaktene utforma selektive og målretta tiltak for nynorsk skriftkultur, men aldri for andre delar av nynorskpressa enn Nynorsk Pressekontor og Dag og Tid. Derimot har Noreg sidan 1969 halde seg med ein statleg pressestøttepolitikk. Offentlege utval har utgreidd saka både i 1967, 1976, 1982, 1992 og 2000. I alle dei siderike dokumenta står det alt i alt berre eit par setningar om den språklege sida av saka.

Enno i 2010 er den kulturelle og språklege verdien av dei mange nynorske lokalavisene ikkje erkjend i den statlege pressepolitikken. Det undrar oss at avisbransjen ikkje sjølv har framheva dette i alle desse åra og i liten grad har gjort det i det som har vore av debatt om utgreiinga frå mediestøtteutvalet. Jamført med bokbransjen plasserer dermed avisbransjen seg på sidelinja i arbeidet med å utvikle ein heilskapleg norsk språkpolitikk.

Utviklingstrekk utvalet ser bort frå

Skulen har vore overvurdert og demografien undervurdert når diskusjonen går om nynorsk. Pressa har knapt vore vurdert i det heile sjølv om ein moderne skriftkultur utan presse er utenkjeleg.

Nynorsk kultursentrum har i fleire publikasjonar dei siste åra dokumentert utviklinga i nynorskpressa. Frå 1858 har over 170 aviser vore redigerte på nynorsk, medan noko slikt som 1800 har vore redigerte på bokmål. Etter 1950 har kvar fjerde nye avis vore redigert på nynorsk, men dei siste tjuve åra har det kome til vesentleg færre nynorskaviser enn før. I 2009 kom det ut 58 nynorskaviser. Desse produserer minst like mykje nynorsk tekst på eitt år som kjem ut i bokform her til lands på fire år.

For den kunstnarlege og intellektuelle utviklinga har utan tvil bokmediet vore det viktigaste også i nynorsk skriftkultur. I større grad enn for bokmål har derimot utbreiinga av nynorsk vore avhengig av pressa. Nynorskpressa har vore den mest utbreidde skriftstaden for nynorsk og det vanlegaste lesestoffet for store brukargrupper. Pressa er eit viktigare medium for nynorsk skriftkultur enn for bokmålskulturen fordi så mange av avisene er redigerte på nynorsk og ein liten del av bøkene er skrivne på nynorsk.

Sjølv utan ei språkpolitisk linje er pressestøtta alt i dag den kulturpolitiske støtteordninga som har mest å seie for produksjon og spreiding av lesestoff på nynorsk. All den tid pressestøtta ikkje har teke omsyn til den særskilde situasjonen for aviser på nynorsk, er det rein politisk flaks at pressestøtta har gitt norske lesarar eit slikt mangfald av aviser også på nynorsk. Flaks gir ikkje berekraft til ein demokratisk mediestøttepolitikk.

Selektive tiltak er viktige også språkpolitisk

Eitt av dei sterke argumenta avisbransjen aldri har brukt, er at avisene er viktige språkprodusentar. Truleg produserer ingen bransje i privat sektor meir tekst på norsk enn avisbransjen. Dette får heller ikkje utvalet fram. Utvalet kunne trygt ha sagt at avisene er ein hjørnestein i norsk skriftkultur og ein nødvendig føresetnad for at Noreg over tid utvikla eit svært solid fundament for både bokmål og nynorsk. Pressa er altså viktigare på fleire måtar enn det utvalet viser.

Noreg har hatt ulike ordningar for pressestøtte sidan 1970. På dei 40 åra representerer momsfriftaket for pressa truleg 40 milliardar kroner i indirekte subsidiar frå staten. Målt mot dette blir dei selektive og målretta tiltaka små. Viktige er dei likevel. Dokumentasjon vi har utarbeidd, seinast i *Språkfakta 2010* på www.aasentunet.no og i boka *Avisene som utvida Noreg*, syner at nær halvparten av den direkte pressestøtta i 2008 gjekk til fem aviser, medan resten blei fordelt mellom 151 andre. Ikkje meir enn 6 % gjekk til aviser redigerte berre på nynorsk.

Trass i dette låge prosenttalet har pressestøtta hatt store positive ringverknader for nynorsk skriftkultur. Det er likevel eit faktum at bokmål pregar dei store avisene, medan nynorsken er mest å finne i dei små. Aviser med nynorsk som redaksjonsspråk eller med både nynorsk og bokmål som formelt redaksjonsspråk, kjem no ut på langt over 50 stader i ni fylke.

Formelt redaksjonsspråk seier langt frå alt om den faktiske språkbruken i avisene. Ein heilskapleg mediepolitikk med språkpolitisk substans må også ta omsyn til dette.

Plattformnøytrale ordningar er kanskje ikkje det beste

Held det fram slik, svekkjer det bruken av nynorsk både på avisopplag og på nettet. Difor treng mediestøtta ein språkleg overbygning. Noreg treng ein samla, systematisk og målretta mediestøttepolitikk for alle skriftmedia som er på høgd med røynda. Den mediepolitikken må presiserast ut frå det samfunnsoppdraget pressa har og slå fast at dette oppdraget inkluderer styrking av begge skriftkulturane i Noreg.

Utvalet peikar med rette på at ”produksjonstilskuddet har vært viktig for å gi målrettet støtte til økonomisk vanskeligstilte aviser og aviser med små opplag”. Av dette sluttar utvalet at ordninga bør førast vidare, men at den bør gjerast plattformnøytral og ikkje vere bunden til storleiken på papiravisopplaget. Den løysinga er ikkje vi overtydd om. Lokale fådagarsaviser dominerer den nynorske delen av pressa. Nesten alle desse avisene hadde nettutgåver og var dermed også storprodusentar av språk på Internett. Det er altså ingen tvil om at slike aviser har meir å seie for utbreiinga av nynorsk skriftkultur enn for bokmålskulturen. Likevel ser utvalet heilt bort frå dette.

Støtteordninga i Norsk kulturråd

Norsk kulturråd har sidan 2007 forvalta ei støtteordning for periodiske publikasjonar som m.a. inkluderer Dag og Tid. Utvalet meiner det er for tidleg å vurdere denne ordninga. Også her må dei overordna strategiane i støttepolitikken slå inn. Det meiner vi Norsk kulturråd ikkje har gjort i 2010 og 2011.

Nettopp denne støtta er eit godt døme på kor effektiv mediestøtte kan vere. Den auka støtta Dag og Tid fekk i åra fram mot 2010, har gjort avisa i stand til å nå ut til jamt fleire lesarar og sikre ei meir stabil drift enn denne avisa har hatt nokon gong før.

Vinjefondet

Utvalet vil styrkje både stipend- og prosjektstøtteordningar, og meiner det trengst meir etterutdanning. Vinjefondet er alt dette. Nynorsk kultursentrum tok i 2009 på seg å forvalte dette fondet, som førebels er ei årleg løyving. Dei første midlane blei løyvde i 2010, til tre medieverksemdar i Oslo, Bø og på Stord. Det er for tidleg å konkludere, men vi veit at behovet for denne typen målretta tiltak er stort.

Vi vonar ein heilskapleg mediepolitikk inneber at Vinjefondet blir styrkt i åra frametter og at ordninga blir ført vidare på det grunnlaget som no er etablert, med dei justeringane som måtte vere nødvendige ut frå røynsleane ein gjer.

Det trengst ei språkpolitisk tilleggsutgreiing

Når utvalet utelet språk som kategori i analysane sine, ser utvalet også bort frå slike grunnleggjande trekk ved norsk presse. Før ein ny mediestøttepolitikk blir forma, trengst det difor ei tilleggsutgreiing for å få fram moglege språkpolitiske verknader av dei framlegga utvalet har lagt fram. Korleis omfordelingsalternativet og andre støtteordningar kan slå ut for ulike aviser etter redaksjonell målform, er av dei sakene som der må vurderast, men som innstillinga ikkje seier noko om.

Pressestøtta bør todelast. Der må vere ei allmenn pressestøtte som ikkje føreset ein bestemt norskspråkleg praksis i avisene, og som er ei støtteordning for journalistisk publisering på papir eller nett. Der må også vere ein nynorskpott som svarar til 25 % av den samla pressestøtta. Løyvingar frå denne potten må kome i tillegg til ordinær tildeling av pressestøtte.

Så enkelt kan Noreg styrkje nynorskpressa utan å svekkje bokmålspressa og utan å tukle med det redaksjonelle sjølvstendet til pressa. Kulturpolitisk er det også eit viktig spørsmål å stille

kva som skal til for å etablere ei riksdekkjande dagsavis på nynorsk, til dømes ei nettavis, eller om det har meir for seg å styrkje bruken av nynorsk i etablerte publikasjonar.

Vi ønskjer lykke til i det vidare arbeidet og vonar ein samla mediepolitikk kan bli drøfta i ei eiga stortingsmelding der det språklege perspektivet også blir teke grundig opp.

Med venleg helsing

Nynorsk kultursentrum

Reidar Sandal (s)
styreleiar



Ottar Grepstad
direktør